



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 25.06.2014
Møtetid: 15:00 - 17:10
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegar Hope	Eva Hellevang

Andre som var til stades på møtet:
Planleggar R.Lønningdal og ass.rådmann Våge

Møteleiar:	Marit Aase
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	<p>-Ordførar (Krf) orienterte om vedtak i Naturutvalet der BIR kan overta ansvaret for miljøforureining og oppfølging av dette i kommunane. Ordføraren ønskjer ein breiare debatt på dette og ei handsaming i kommunestyret. Formannskapet slutta seg til dette. Brigte Olav Gåsdaal (Ap) orienterte om anbodsopninga for sjukeheimen. Det er kome inn 5 anbod. Det er ei underfinansiering i høve til anboda. Formannskapet slutta seg til eit ekstramøte i kommunestyret den 11. juli. Dersom det ikkje let seg gjennomføra trer formannskapet saman.</p> <p>Ragnhild Lønningdal, gjekk igjennom innkomne forslag på hytteområde i samband med kommuneplanen. Formannskapet drøfta desse og vil handsame dei til neste møte.</p>
Utvalet sitt kvarter:	<p>Gunnar Bruvik (Frp) – ønska at det vert starta ein prosess med å rusta opp vegen frå Haga til Gaupholm etter opning av tunnelen og før vegen vert kommunal. Det vert og viktig at det i dette arbeidet og vert ei vurdering kva belastningar VA-anlegga til kommunen</p>

	har fått i samband med tunnelarbetet.
Dokument utlevert i møtet:	Ingen

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 02.07.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
039/14	14/498	Faste saker	
040/14	14/482	Tilskot frå næringsfondet til transport til Fjordtøanna	

SAKNR. 039/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

25.06.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Utvalet sitt kvarter: Gunnar Bruvik (Frp) – ønska at det vert starta ein prosess med å rusta opp vegen frå Haga til Gaupholm etter opning av tunnelen og før vegen vert kommunal. Det vert og viktig at det i dette arbeidet og vert ei vurdering kva belastningar VA-anlegga til kommunen har fått i samband med tunnelarbeidet.

FORM-039/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 040/14

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL TRANSPORT TIL FJORDTØANNA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert stilt til disposisjon inntil kr 10.000 til finansiering av transport av besøkande som ikkje er i stand til å gå frå brua på FV 48 og vegen opp til Fjordtønna. Tilskotet gjeld for sommarsesongen 2014. Utgiftene skal finansierast av næringsfondet.

Samnanger kommune vil inngå avtale med Tide Buss v. Jan Sunde om ordninga for deira turar. Fjordtønna må ta ansvar for det praktiske knytt til andre transportørar.

25.06.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-040/14 VEDTAK:

Det vert stilt til disposisjon inntil kr 10.000 til finansiering av transport av besøkande som ikkje er i stand til å gå frå brua på FV 48 og vegen opp til Fjordtønna. Tilskotet gjeld for sommarsesongen 2014. Utgiftene skal finansierast av næringsfondet.

Samnanger kommune vil inngå avtale med Tide Buss v. Jan Sunde om ordninga for deira turar. Fjordtønna må ta ansvar for det praktiske knytt til andre transportørar.